

# O.I.L.-Stikkå

MEDLEMSBLAD FOR OSTERØY I.L.

Red. Svein Ove Søreide  
Box 44  
5240 Valestrandsfossen  
Tlf. (05) 39 44 33  
Bankgiro 36.26.50.41315

Styret i Osterøy Idrettslag  
v/ formann Jørgen Varden  
5250 LONEVÅG

Valestrandsfossen 12. II. 1984

Ettersom det berre er ein månad til årsmøtet i Osterøy Idrettslag, sender vi ein liten rapport frå O.I.L.-Stikkå der marknadsjef Kjell Inge Søreide tek for seg det økonomiske og redaktør Svein Ove Søreide kjem med sine kommentarar om resten av avisdrifta.

Og vi kan vel alt i byrjinga av rapporten slå fast at 1984 har vore eit vanskeleg år. Pr. dags dato har vi berre gjeve ut eitt nummer. Etter planen skulle vi no vore ferdig med to. Allereie i møtet med styret i laget, konkluderte vi med at det ikkje var mogleg å gje ut meir enn tre utgåver i år.

Dette kjem av at det er vorte vanskelegare på annonsemarknaden, og at korkje redaktøren eller marknadssjefen har hatt god nok tid til å arbeida med avis. I fjar vart O.I.L.-Stikkå gjeven god priorititet, men i år har skulearbeid og andre aktivitetar lagt beslag på mykje av fritida vår.

Dette er ikkje meint sem noko orsaking for at vi berre har fått ut eitt nummer. Like etter årsmøtet kjem nemleg nummer to, og vi har planar om å gje ut eit nummer tre i februar.

Vi er nemleg nøydd til å gje ut tre nummer, både fordi vi har forplikta oss til det overfor styret i idrettslaget, men ikkje minst fordi sponsørane våre har betalt for annonser i tre utgåver.

Men vi ser ikkje noko gale i å koma med det siste nummeret i januar - februar. Då er volleyballsesongen over, skisesongen er i full gang, og dermed kan vi koma med aktuelle reportasjar om to idrettsgreiner i laget som ikkje har fått så alt for mykje omtale, fordi utgjevingsplanen har gjort dette stoffet uaktuelt.

Det gjeld kanskje spesielt skistoffet.

Eg er ikkje sikker på framtida til O.I.L.-Stikkå utover det at vi kjem med vårt siste nummer i februar. Det vert eit absolutt siste farvel frå våre hender. Vi ser oss ikkje i stand til å halda fram med avisdrift neste år.

Det vert difor opp til idrettslaget, og sansynlegvis årsmøtet, å bestemma den vidare lagnaden til eit medlemsblad, som har vore om-diskutert, som har fått ros og ris, og som etter mi meinings har vore god reklame for Osterøy Idrettslag.

Då Eg Kjell Inge og eg overtok drifta i fjor, la vi om stilens, og gav ut ei profesjonell avis. Bak det ligg det mykje tidkrevande arbeid, men vi må understreka at det ikkje lar seg gjera å driva O.I.L.-Stikkå på same måten for andre enn oss to.

Samarbeidet med Nordhordland Avis har vore spesielt godt sidan vi har vore frilansmedarbeidarar for avisar, og vi har derfor disponert alt utstyret i avishuset i Knarvik, og gjort alt arbeid utanom ~~EY~~ trykkinga sjølv.

På den måten har vi pressa prisen ned i det minimale, slik at vi økonomisk har klart å driva bladet utan store tap.

Dersom årsmøtet går inn for å halda fram avisdrifta av O.I.L.-Stikkå, må altså nye folk ta over, stilens må leggast om, og heile praksisen med utgjeving av medlemsbladet må diskuterast på nytt. Eg ser ikkje bort i frå at idrettslaget kan få ein ny avtale med avis Nordhordland om sats/montasje og trykking, men det vil bli ein heilt annan avtale enn det vi klarte å koma fram til.

Men det går også an å laga ei billeg medlemsavis, som kan ha same misjon og vera eit bindeledd mellom idrettslag og medlemmar. Slike medlemsblad har vi fleire døme på rundtom i landet. I heile teke er det svært mange alternativ, og det er opp til styret i idrettslaget og årsmøtet å peika kurser for medlemsbladet.

Eg ser det som positivt at Osterøy Idrettslag er representert med formann Jørgen Varden i nærradionemnda som vart oppnemnd av kultur-styret i Osterøy for ei stund sidan.

Personleg har eg tru på at radio kan vera framtidas medium for idrettslaget, og absolutt å føretrekka dersom ein gjennom nærradioen kan nå alle medlemane geografisk.

Men det er klart at det vil gå ei tid før planane med nærradio på Østerøy vert konkretisert, og det er framleis uvisst om det i heile teke vert noko radiosamarbeid laga i mellom.  
Men likevel vil eg påstå at nærradio må vera eitt alternativ for idrettslaget.

Sjølv er eg veldig interessert i nærradioproduksjon, og vil ha eit profesjonelt radiostudio klart ved årskifte, og må tilstå at det kunne vore moro å vera med og laga ei modlemsavis i radioform dersom det nokon gong vert aktuelt.

Men førebels må Kjell Inge og eg seia takk for oss, og overlata spørsmålet om den vidare lagnaden til O.I.L.-Stikkå til styret.  
Men eg vil håpa at ikkje dette medlemsbladet forsvinn, og i alle fall ikkje for godt.

Det vil vera eit stort tap for idrettslaget.

Valestrandsfossen 12.11.84

Med helsing

Svein Ove Søreide

redaktør

Vedlem: Rapport frå marknadssjef Kjell Inge Søreide  
- seinare SO. 23.11.84).